



4. MAI



NR 6-87

Innhald:



- S.2 Redaktørens kørner
- S.4 Frå leiaren
- S.5 Korleis er praksisen vår overfor leiaren?
- S.6 Det stundar mot vinter....
- S.7 Hardt arbeid gjev resultat!
- S.10 Folkevæpning og forsvarspolitik
- S.13 Statssynet til RV
- S.15 Ei jamføring mellom NKS og partiet
- S.18 Til spørsmålet om krisa i partiet
- S.21 Dogmatisme, kva er det?
- S.23 3 X ? til Halldor
- S.24 Spørsmålet om byråkratiet
- S.27 Men's only

**GOD JUL OG VELFORTENT
FERIE!**



ROS: ingen innlegg over 3 sider - alle leselege

håp: illustrasjonar småplukk

etterlysing: kva **skjer**
på høgskolane _
på faga _
i distrikta _
i frontar aksjonar

IDEAR - OPPSUMMERINGAR - VEDTAK - DEBAT T

NY DAULINE: 15.12 =

NYTT 4.mai til 5.1.88

En del av denne sida er dessverre klipt bort
i vårt eksemplar.

Oslo 11/10-87

fra sentralstyret i NKS sitt arbeids-
permisjonen varer ut semesteret.
Jeg har gått tom for krefter og har derfor
som leder.

...e til at jeg nå har gått tom er mange og sammensatte,
...ter ikke å peke ut en hovedårsak. Men det er ingen
... å underslå at den jevne strømmen av anklager om
...t menneskesyn, moralisme og personforfølgning, -kort sagt
... er en stor drittsekk, er ganske tunge å bære. Sjølsagt gjør
... feil både teoretisk og praktisk, og jeg har sjøl valgt å
... ikke hode langt fram, men slik jeg opplever situasjonen nå
... klinger kravet om større medmenneskelighet fra ymse hold i NKS
ganske hult.

Jeg har vært med i NKS i snart 4 år og i 31/2 år av disse
har jeg sittet i ledende organ. (Dette er min andre periode i
sentralstyret.) For å ikke miste bakkekontakten trenger jeg å
få litt ro og tid til å være sammen med folk som ikke nødvendig-
vis sitter i ledelsen i NKS.

Til slutt vil jeg nevne det forhold at jeg for tiden har
eneansvaret for min datter. DET er nødvendig også for henne sin del
at jeg strekker litt ned.

Arbeidspresset på AU er stort og jeg beklager dypt den
ekstra belastningen som vil påføres AU medlemmene ved mitt
fravær. Men jeg lover å hive meg inn i ringen igjen ved jule-
tider.

Mari



KORLEIS ER PRAKSISEN VÅR OVERFOR LEIAREN?

V/ Aurora

Mari har nettopp bedt om permisjon frå leiarvervet. Dette har eg lyst til å knytte nokre kommentarar til. Det er alltid hardt å vere leiar i ein organisasjon. Ein blir utsatt for mykje kritikk og kjem ofte ut i hardt ver og kaldt klima. Men situasjonen no trur eg likevel er spesiell.

Alle veit at det er store motseiingar i NKS, både i og utanfor leiinga. Desse motseiingane har bl.a. resultert i utmeldingar. Dei har òg resultert i at mykje arbeid har vore til ingen nytte. Arbeidsinnsatsen har aldri stått i høve til resultatet. Når ting ikkje kjem ut må leiaren ta hovudansvaret, sjølv om ho ikkje er ansvarleg for den dårlege praksisen til andre. Ein leiar kan ikkje drive ein organisasjon aleine, men er likevel den som blir skyteskive om ting ikkje går slik dei skal. At Mari blir sliten og frustret i ein slik arbeidssituasjon skjønar eg godt.

Alle er sikkert samde om at det er viktig og riktig at jenter skal vere leiande. Jentene i NKS har gong på gong diskutert korleis ein best kan backe kvarandre opp i den politiske jobbinga. Inntrykket mitt er at Mari, som kvinneleg leiar (og til og med eineførsøgjar i praksis) sjelden blir backa opp av andre jenter i NKS. Tvert i mot meiner eg at ho til tider blir usynleggjort. To utmeldingsbrev - undertekna av eit fleirtal jenter, som òg har vore skarpe i sin kritikk av NKS sin kvinnepolitikk - er blitt stila og sendt til nestleiaren, som er mann. Mari får stadig høyre at ho ikkje er medmenneskeleg nok i høve til politiske motstandarar. Nokre har òg hevda at t.d. Mari fungerer på menn sine premisser fordi ho ikkje er redd for å stikke "hue fram". Det er særskild dårleg praksis å usynleggjere ein kvinneleg leiar, som ein riktignok ikkje er politisk på linje med, samstundes som ein kritiserer bl.a. ho for manglande kvinneperspektiv. Søstersolidariteten er ofte nokso hul.

Klassekampen, v/redaktøren, har fleire gonger latt vere å prente innlegg frå Mari i KK. Desse er det blitt purra på, utan vidare resultat. Slikt må vere frustrerande for leiaren. Nokre og ein kvar, i og utanfor NKS bør vurdere sin og andre sin praksis overfor leiaren av NKS. Ein leiar har krav på rettvis hand-saming uansett om ein er samd eller usamd i dei politiske linjene ho står for.

Det stundar mot vinter....

For ikkje så mange vekene sidan var det sommar og sol over Håøya. Sidan det no er kaldt og ekkelt, vil vi minnst den varme årstida med eit kulturelt produkt frå leiren. Sangen er meir enn aktuell også no. Dessutan vil vi minna om at det blir sommarleir også til neste år, til omlag same tid som i år.

Mel. Tidsmarsjen

Refr.:

Bu dykk på å gi,
pengar til strid
Støtt IRA-a-a-a
i deira krig

Vi selgjer kyss,
det kostar ein tiar
å kysse Aurora,
fem for oss andre

På sommarleiren
gikk ei kampanje
Pengar til IRA
og Forbundsskulen

Refr.

Skal du på dass,
er han enkel å finne
Men utan pengar,
blir du stengt inne

Refr.

Vitsar blei solgt,
skogsturar også
Frank tar ei krone
for kva veit vi ikkje

Refr.

Pengane er borte,
vi kjem ikkje heimat
Frå Håøya til Oslo
syklar vi på vatnet

Refr.

Åtte sultne ungar
kring ei steikepanne
Pannekaker solgte dei
Dei fekk "littegranne"

Refr.

Refr.



HARDT ARBEID GJEV RESULTAT!

FØREBELS OPPSUMMERING AV VERVEKAMPANJA , AV RICHARD.

Vervekampanja så langt viser at grunnlaget for verving er svært godt! NKS markerte seg bra ved semesterstart, og har fått mange positive reaksjonar på vervepropagandaen og våre politiske utspel rundt om. Dette da i samband med stands, KK-aksjonar, valet, IRA innsamlinga og ved massearbeid på faga.

Til no så viser altså arbeidet med å få fram fleire organiserte revolusjonære på universitet og høgskular ein svært god tendens. Nesten heile dette gode resultatet har kome no siste månaden, sjøl om grunnlaget er lagt før i semesteret. Til no, slutten av oktober, har vi nådd ca. 15 % av målet, og det er ennå store moglegheiter på fleire stader før jul! (Dette da stader som og til no har nådd svært gode resultat, som Sosialskele/sjukepleiarlaget i Oslo, Sentrum(juss) i Oslo og Trøndelags-distriktet.) Så vi er i siget no!

Dei viktigaste metodane i vervearbeidet har vore:-direkte verveaksjonar(på studentbyar, stands, direkte spørsmål),studieringar og ved massearbeid gjennom interessekampen og Kvinnefronten. I den grad vi maktar å skape politisk strid og markere oss, så trekkjer vi folk til oss som medlem. Det gjeld å vere dristig i arbeidet no, innsjå at verving kan vere lett, så får vi med fleire enn vi tenkjer oss. Det er om å gjere å vere aktiv og pågåande no mot slutten av semesteret, for å ha eit så godt utgangspunkt som mogleg halvvegs i kampanja.

Difor må vi gje folk tilbod om det vi har no:

-medlemskap,-studiering,-bøllekurs,-KK-abonnement,-delta i politisk arbeid med oss innafor interessekamp, kvinnekamp, anti-imperialisme,kampen mot rasismen, målkamp.

Kven har best resultat i dette til no? - Sosial/sjukepleiarlaget i Oslo, Sentrum/Oslo,Trøndelags-distriktet.SV-fakultetet i Oslo, og Bergen har og gjort eit bra arbeid til no. Ein annan stad her i bladet følgjer eit innlegg frå Sosial/sjukepleiar om metodar og erfaringar så langt. Andre utfordrast til å følgje deira døme og skrive inn!

Kva må vi så gjere vidare for å byggje ein sterk kommunistisk organisasjon blant studentar i Noreg?


-Vi må fortsatt skape politisk strid, for å leggje grunnlaget for enda større rekruttering.

-Vi må propagandere for politikken vår og markere oss, og det

naudsynte i kommunistisk organisering for å vinne seire i lokale kampar i dag, og for å skipe eit sosialistisk samfunn i morgon.
 -Vi må ta inn folk no, ikkje vente! Tilhøva blir i tilfelle vanskelegare di lenger ein ventar. Vi må heller innrette det interne lagsarbeidet - og møtene, for å ta imot dei nye medlemane på best mogleg måte, slik at dei kan kome fram med kunnskapane og meiningane sine, og delta for fullt i laget sitt arbeid.
 -Vi må få studieringane og bøllekursa i havn før jul, og verve frå dei! Det må vere ei kollektiv oppgåve, som heile laget må gå saman om, å følgje opp dette arbeidet i prioritert rekkefølge.

KVEN LEIER I VERVEKAMPANJA?

Resultat pr. 15/10 av prosentvis målsetjing.



En del av denne sida er dessverre klipt bort
i vårt eksemplar.

freds-
våpning som.
Som ein av dei a.
kritikk på at overskri.
avsnittet kan mistolkast. Kan
eit sterkt og uavhengig norsk fors.
nå både nasjonal og sosial fridom unde.
er begge to viktige spørsmål som NKS går inn
øvrig at ei slik line for nasjonal-revolusjonær f.
som kjem fram i sitata frå Militærprogrammet er korrekt. Dei gjev
eit godt uttrykk for kva NKS og ml-rørsla legg i omgrepet folke-
våpning opp i mot kva ein borgarleg vernepliktshær er for noko.
Difor går eg ikkje nærare inn på definisjonar av dette her.
Da det som R.S. refererar til her er to ulike lutar av NKS sin no
verande politikk, og det difor ikkje er snakk om eit linjeskifte,
som er mykje av utgangspunktet for innlegget, så kunne denne opp
klåringa vere tilstrekkeleg her. Så enkelt er det då ikkje, avdi
R.S. i ly av desse første spørsmåla så tek opp folkevåpning og
forsvarspolitikkk i det store og heile. Han avviser at den
borgarlege haren på noko som helst slags vis kan vere eit vern om
den nasjonale sjølvråderetten.
Eg meiner og at den norske hæren i dag er eit dårleg vern om den
norske sjølvråderetten. Dette er det tre hovudgrunnar til.
1.) Hæren manglar våpen og ammunisjon av mange slag, - effektive
anti-pansar og anti-luft våpen, skikkeleg personleg verneutstyr
som splintsikre feltjakker og snøreddingsutstyr, det finnes for
få kystfort, sivilforsvaret er alt for dårleg utbygd, det eksis-
terar kadaverdisiplin, og den mekaniserte mobiliteten er alt for
liten med for få bilar, helikoptre og torpedokanonbåtar.

En del av denne sida er dessverre klipt bort
i vårt eksemplar.

melding frå partiet;
svar til Robert sitt innlegg i nr. 5 vil først
komma i neste 4.mai grunna tidsmangel
og kommunikasjonssvikt


2.) Han inneheld berre soldatar frå halve folket, i og med at det ikkje er verneplikt for kvinner. 3.) I tillegg kjem den viktigaste grunnen til det norske militærapparatet sin veikskap: det er underlagt den imperialistiske NATO-alliansen sin kommando, og er i det store og heile styrt av borgarlege offiserar og politikarar som rettar sitt nasjonale sinnelag etter kor dei finn størst profitt. Det er eit borgarleg militærapparat som borgarskapet vil setje inn mot arbeidarklassen når makta deira blir trua. Skål så vi kommunistar "vende det andre kinnet til" når det gjeld forsvar av Noreg, og overlate dette området til det borgarlege forsvaret si dugløyse og ettergjenvadspolitikk. Sjølsagt ikkje, dette ville ikkje vere eit verkeleg forsvar av den nasjonale sjølvråderetten, og det ville gje arbeidarklassen rolla som ukunnige slaktoffer. Vi må stille krav om eit betre anti-invasjonsforsvar, og om eit betre sivilforsvar, da dette er i arbeidarklassen og folket sine interesser.

"Da borgarskapet vil selge nasjonen, er det vår oppgåve å forsvare han," for å illustrere spørsmålet med ei utsegn av Stalin.

Det er samstundes slik at det borgarlege norske forsvaret ikkje er heilt ubrukbart når det gjeld å yte militær motstand ved ein invasjon av Noreg, frå t.d. Sovjet som er den absolutt mest sannsynlege angriparen. Vi lever i ei tid med fare for ein ny verds- krig, og i overskodelig framtid så vil den borgarlege norske vernepliktshæren vere den einaste organiserte militære krafta i landet. Vi kommunistar må forhalde oss til verda slik som ho faktisk er rundt oss, og ha ein politikk for å møte denne røyndomen. Samstundes må vi propagandere politisk for folkevæpning som det einaste verkelege slagkraftige og demokratiske militære alter nativet til det borgarlege "skal-forsvaret" vi har i dag. Iførste omgang kan dette gjerast ved å ha ei line for å ta del i dei frivillige skyttarorganisasjonane. Etter kvart må folkevæpninga byggast opp som sjølvstendige væpna einingar over heile landet. AKP har stilt krav om at det i Noreg av i dag skal byggast opp ein "folkemilits" på 1 000 000 soldatar. Eg skal ikkje her gå inn på effekten og moglegheitene for dette i eit kapitalistisk Noreg, men berre nemne det som døme på partiet si line på desse spørsmåla no. Og under sosialismen vil eit væpna folk, - ein folke- milits av omtrent alle vaksne menneske, ved sidan av naudsynte ståande hær-, fly- og flåte-styrkar, vere det viktigaste vernet om arbeidarklassen sin stat.

Verda har forandra seg mykje sidan Lenin utforma sine parolar under 1.verdskrigen. Dei var rette då, men kunne t.d. ikkje anvendast på same måte under 2. verdskrigen. På same måte som no, sto verdas folk då overfør ei trugande fascistisk verds-makt. På bakgrunn av denne overhengande faren måtte kommunistane leggje opp ein ny taktikk. Den store bulgarske kommunisten Dimitrov uttalte om desse spørsmåla i 1936("Om enhetsfrontens og folkefrontens problemer") : "Et særlig viktig spørsmål når det gjelder arbeiderklassens taktikk i dag, spesielt i land som står i umiddelbar fare for å bli angrepet, er hvilken holdning man inn tar overfor regjeringas utenrikspolitikk og forsvaret av landet. Det er slett ikke likegyldig for arbeiderklassen og det arbeidende folket hvilken utenrikspolitikk regjeringa fører over for de fascistiske fridsfiendene, om denne politikken bidrar til å styrke den kollektive sikkerheten eller om den hindrer den, om regjeringa beskytter de fascistiske angripernes agenter eller tar effektive forholdsregler mot dem, hvordan de behandler folkets sønner i hæren, hvilken ånd de blir opplært i, hva slags elementer hærens offiserer består av, om de er til å stole på i kamp mot de fascistiske fiendene eller om de er reaksjonære fascistiske elementer, hvordan befolkninga skal beskyttes mot krigens redsler osv."

Sitat frå Dimitrov kunne vore enda lengre, men dette får halde i denne omgang. Det viser i alle høve at vegen frå dei kommunistiske teoretikarane til NKS-sin politikk ikkje er så lang på alle spørsmål.



13 statssynet til RV

Haldor lurer på hva jeg mener med overbudspolitikkk. Jeg får ile til med en gang med en forsikring: Jeg er ikke i tvil om at det er mange RV-representanter som gjør et ærlig stykke arbeid i kommunestyrene, men det bør vel ikke være til hinder for å spørre om de politiske linjene og grunnlaget de jobber etter som RV'ere er riktig? Når jeg hevder at RV ikke oppfyller sine forpliktelser som revolusjonært parti, er min hovedkritikk retta inn på RV sitt syn på Staten Hvis en ikke har en god analyse av Staten, faller man lett hen til reformistisk politikk. Med overbudspolitikkk mener jeg at det stilles mange progressive reformkrav uten at en får frem en skikkelig analyse av Kapitalismen. F.eks. Jon M. s og etter hvert RV sitt krav om 1 mill. innvandrere til Norge.

Det er vanskelig å propagandere en analyse av kapitalismen og visjonene om et annet samfunns-styre innafor de rammer bl.a. NRK setter for sine programmer. Det er sjølsagt ikke gjort ved å snakke om borgerskapets diktatur på hvert kommunestyre-møte heller, - så enkelt er det ikke. Men dessverre så beror ikke RV s vansker med å framstå som et revolusjonært alternativ bare på motbør fra borgerlige media og formuleringsvansker.

- Jeg er enig i at det er riktig av kommunistene å jobbe innafor de parlamentariske organa i dag. Men her ligger også en farlig tilslørings-effekt. I RV,s program står det ikke med et eneste ord at hoved-hensikten er å avsløre det borgerlige diktaturet. Sjøl om RV sier at den viktigste kampen er den utenomparlamentariske, sitter jeg igjen med inntrykket at RV mener at reformkampen kan drives i parlamentariske organer.

- Alle RV sine synspunkter, formulert som paroler, blir presentert under overskriften: "RV vil arbeide for:", uten å understreke at det må massemobillisering til, og kamp utafor de parlamentariske organa for å få gjennomslag for et rettferdig krav som f.eks. 6 timers normal arbeidsdag. (Dette kravet gir RV borgerskapet frist til 1992 med å innfri. Hva skjer i 1992? Er det da kampen for kravet fører til at borgerskapet må gi etter?)

- Til tross for at RV erklærer at Staten er en klassestat, kommer et annet syn til uttrykk flere steder:

RV proklamerer at under sosialismen skal domstolene være frie og uavhengige av stat og parti. Enhver stat har et klassestempel. Den sosialistiske Staten, -inkludert domstolene, skal være et redskap for arbeiderklassens diktatur. Det er en umulig hypotese å erklære fremtidige domstoler som uavhengige av Staten og den makta som rår.

- Skattepolitikken til RV har blitt bedre. Men fortsatt er det tydeligvis ikke gjennomslag i RV for at skatt av personinntekt er en

metode Staten bruker for å rane til seg merverdi på. Til tross for at Staten ikke er noen objektiv fordeler av felles goder, støtter RV prinsippet om progressiv beskatning (men går heldigvis imot brutto-skatt). Under skattepolitikken kategoriserer RV folk etter inntekter. Oljearbeideren settes opp i mot hjelpepleieren. Hadde det ikke vært på plass med en klasse-analyse?

Sjøløst må RV sloss for reformer. Men det er kampen utafor de parlamentariske organa som avgjør hvor langt borgerskapet lar seg presse. Jeg tror at RV vinner tillitt først og fremst ved å ta del i disse kampene. Det er ikke RV's jobb å sitte å administrere kommuner og fylker, - det kan borgerskapet gjøre sjøl. Vår målsetting er et anna samfunnssystem og da er det vår og RV sin oppgave å gi kampene i dag retning mot en sosialistisk revolusjon. Når RV ikke makter å presentere gode analyser av samfunnet som helhet og gi folk visjoner om et annet samfunn, så er det ikke rart at RV's politikk blir oppfatta som overbudspolitik.

Mari.



EI JAMFØRING MELLOM NKS OG PARTIET

Det har vore populært å jamføre NKS med partiet, jamvel om ei slik jamføring på mange vis er urettvis. Partiet skal vere den leninistiske fortroppen i arbeidarklassen, medan vi prøvar å byggja ut ein kommunistisk masseorganisasjon mellom studentane. Med dette atterhaldet er det sjølv sagt ikkje umogeleg med slike jamføringar. Difor nokre kommentarar til Haldor sine innlegg i førre utgåva av 4.mai:

1. KORLEIS FØRE DEBATTAR ?

NKS vert kritisert for å leggja lokk på debattane og for eit ugunstig debatt-klima jamført med AKP. Mi erfaring er slik:

Eg høyrte med til opposisjonen etter førre landsmøte i partiet. Eg skreiv to innlegg i internavisa, men fekk berre svar på det første. Bortsett frå eitt møte i mi eiga avdeling, har det ikkje vore gjort noko for å føre denne debatten vidare.

Eg skreiv også våren 1985 eit innlegg til KK i Kina-debatten. Debatten vart stogga, og eg fekk ikkje innlegget mitt trykt. Eg spurde redaktøren om årsakane til dette, men fekk aldri svar.

2. ROLLA TIL LAGA.

Passive lag og medlem er vanskelig å jamføre, men mi erfaring tyder på at problemet er størst i AKP. Praksisen til fleire partilag innskrenkar seg til KK-sal og valkamp for RV, og knapt nok det. Utviklinga av politikken skjer utafor partilaga: I utval, fraksjonar, redaksjonane o.s.b. Eit døme: Vedtaka frå RV-landsmøtet i 1986 om å ta imot beinpenkar og å stryke punktet om Nord-Norge-banen kom som ei overrasking på partimedlemma.

NKS-leiinga har ei line om å bryte ned arbeidsdelinga i organisasjonen. Gjennom reiserunder og lagsleiarkonferansar har vi god kjennskap til kva som rører seg mellom medlemma, og vi tek alle del i arbeidet på grunnplanet.

I utviklinga av politikken på dei høgare lærestadene skal laga spele nøkkelrolla, jfr. planvedtaka dei to siste semestra. Kven er så mest byråkratisk ?

3. TRYGGJINGSARBEIDET.

Her er Haldor og eg ueinige om sjølve premissa. Han synest det er tull med dekknamn på lagsmøte og sommarleir.

Det står to liner opp mot kvarandre i spørsmålet om fåren for krig:

1. "Det er lite sannsynleg med krig dei neste 4 åra."
(Planutkast frå SK i AKP, 1985)
2. "Fåren for krig er større idag enn i 1979." (Vedtak frå partilandsmøtet, 1984)

Eg meiner Haldor er med på å spreie illusjonar av den første typen. Og NB! sjølv ved krig eller politisk krise etter 1989 vil det som etterretninga samlar inn idag få enorme konsekvensar og skadeverknader for den revolusjonære rørsla.

4. MASSELINE ELLER SEKTERISME ?

Eg er heilt ut samd med Haldor i korleis han samanfattar masselina på s.26. Men så seier han: "Dette er ikkje NKS-leiinga si line." Jau, det er det !

Ta studentopprøret våren 1987 som døme: Leiinga gjekk inn i opprøret, lytta til massane og freista å samanfatte og systematisere krava deira. Dette luktes vi med på Universitetet i Oslo. Og dei fleste i den leiinga som Haldor kritiserer, har praksisen sin nettopp der.

Korleis er det så i partiet ? Massearbeidet er for en stor del erstatta av utspel, forhandlingar på topp-plan samt propaganda. "Banda mellom laga og massekampen er mange stader nesten vekk" oppsummerar beretninga frå 1984. Det har ikkje vorte betre sidan.

5. DOGMATISMEN.

For dei som er på rask marsj mot høgre, må jo eitkvart forsvar for Lenin og Mao sjå ut som "dogmatisme". Vi i

NKS har framleis ei line på å studere klassikarane på organisert vis. Det har ikkje partiet.

Det fortel noko om stoda når personar som Pål Steigan og Peter M. Johansen, som tek klårt avstand frå Mao etter 1957, vert satte til å leie internasjonalt utval !

Vervebrosjyra til NKS har fått "så øyra har flagra". For det første er det urettvist å jamføre ho med løpesetlar som har eit langt meir avgrensa siktemål. For det andre har responsen vore riktig bra t.d. på Blindern, der ho har gjeve oss 15-20 nye kontaktar.

6. ARBEIDARINNRETNINGA.

Her er eg fullt ut på line med Haldor sin kritikk av ML-rørsla av idag. Men kva meiner han om desse utsegna:

1. "Einskapsfronten må byggjast på arbeidarklassen sine premiss"
2. "NKS er ein reiskap for arbeidarklassen på dei høgare lærestadene."

Desse utsegna har mindretalet i NKS køyrt hardt ut imot. Kva meiner Haldor ?

Adrian.

18 til spørsmålet om krisa i partiet

Haldor har i sitt innlegg: " Kan,har eller vil AKP skifte løp?", Kommentert ein del punkter i mitt innlegg i 4.mai nr.4. Han seier seg einig i at det rår ei krise i partiet, men er ueinig i mi framstilling av krisa. Eg meiner at krisa i Partiet skyldes alvorlege feil i teorien og dei politiske linene Partiet står for. Min kritikk er langtifrå heilheitleg, men eg meiner eg har trukke fram nokre av dei mest sentale svakheitane til Partiet. Haldor på si side ser ikkje nokon alvorlege feil i dei politiske linene til Partiet utover at dei manglar politikk på nokre tema.

Før eg går inn på Haldor sin kommentar til dei 8 punktane eg streka opp, vil eg kommentere nokre andre delar av Haldor sitt innlegg.

Det er urettvist mot medlemmane i NKS å sammenligne direkte mellom kva NKS får til og kva Partiet får til. Ressursane desse to organisasjonane får over er kvalitativt og kvantitativt svært ulik.

Eg synes vidare at det singlar stygt i glas når Haldor anklager NKS for eit debattklima kor folk ikkje tør tale fritt, samstundes som han antyder ein allianse mellom meg og tidligare utmeldte frå Partiet avdi eg deler stndpunkt med desse på nokre punkt. Korleis skal debattklimaet i NKS bli om tidlegare utmeldte sine meiningar blir forbudte meiningar? Det er fristande å samanlikne Haldor sine meiningar med tidligare utmeldte sine, men eg vil avstå frå dette.

Eg er einig i at Partiet har vist gode taktar i einskilde typer massearbeid. Konferansane Haldor nemner: 3.verdens konferansen og kvinnekonferansen var positive tiltak. Om det var 500 eller 1000 på 3.verdenskonferansen betyr ikkje så mykje. Men eg vil berre minne om at Partiet kapra ei av dei mest aktive NKS-medlemmane som sekretær til 3.verdenskonferansen. Noko som gjekk klårt utover DNS-arbeidet kor ho var styre-medlem. Difor blir eg harm når du na trekker denne konferansen fram som eit "prov" på kor mykje betre det står til med Partiet. Vidare jobba 5 NKS-jenter med innleiingar til kvinnekonferansen. Skal du usynleggjera desse jentane Haldor?

Til spørsmålet om Kina:

Sjøl om Partiet sitt liv ikkje direkte henger i hop med Kina: Bør ikkje partiet ha eit avklåra standpunkt til om det er sosialistiske land i verda eller ikkje? Har ikkje dette noke med vårt andlete utad å gjere?

Til spørsmålet om væpna revolusjon:

Eit kommunistparti må vere ærleg overfor historia og lærdommen av ho, sjøl om våre standpunkt ikkje alltid er like populære hos massane. Heile kommentaren din til dett punktet vitner om ei opputunistisk haldning til spørsmålet.

Syner ikkje historia at det er kampane før revolusjonane som er dei blodigaste? Kva er det som er betre enn ei budd arbeiderklasse når det gjelder å hindre eit blodbad? I motsetnad til Tutu har ANC og PAC stått på ei linje om væpna revolusjon i AZANIA (Sør-Afrika) i over 20 år. Støtter du Tutu eller desse organisasjonane Haldor? Har Mandela vore fengsla i alle desse åra med ei feil politisk masseline?

Til RV sitt sosialisme program:

Kritikken eg la fram om RV sitt syn på sosialismen; er du einig i at eit slikt syn på sosialismen ikkje er i tråd med marxismen?

Til bindinga mellom AP og LO:

Eg meiner at det viktigaste sårsmålet i bindinga mellom LO og AP er at fagrørsla er knytta til eit borgarleg parti som ikkje fremmer deira interessar. Hadde AKP gått inn i FUF om fagrørsla var bundet til eit parti som handla i deira interessar og kor bindinga førte til ei sterkare organisert arbeidarklasse?

Til RV sin skattepolitikk:

Staten er borgarskapet sin volds- og undertrykkings-apparat som skal freista å gjere kapitalismen evigvarande. Staten er og ei av dei største kapitalistane. Sjøl om Staten har pengar, bruker han dei ikkje til sjukeheimar, skular o.s.b., i større mon enn det borgarskapet (monopolborgarskapet i Staten) oppfatter som naudsynt. Staten tar med begge hender. Han tar ikkje berre med den eine og gir med den andre. Kvifor skal då RV bekymre seg om kor Staten skal få tak i meir pengar? Den norske Staten driver med kapitaleksport! Personbeskatning er til for å rane folk for meir av dei verdiane som skapast. RV burde gå imot personbeskatning og i staden kreve at borgarskapet betaler meir av reproduksjonen og velferdsapparatet. Kravet om rentetak er eit sosialdemokratisk krav. Kravet bygger på ei tru om at ved å kreve meir i skatt frå dei med høge inntekter får dei med låge inntekter meir å rutte med.

Til spørsmålet om aktivitet i Partiet og utmeldingsfrekvensen:

Eg har sett mange døme på AKP-arar begynner å studere men ikkje vil gå inn i NKS. Deira grunngjeving for dette er at dei vil prioritere studiane så høgt at dei ikkje vil la seg aktivisere med massearbeid der dei skal opphalde seg. Sjøl om det og finst gode dømer på det motsatte, tyder dette etter mi meining at det ikkje blir stilt store krav til aktivitet i AKP. Eg vil fastslå at eit kommunistparti som fungerer bra, må i høve til organisasjonsformen og demokratiet i organisasjonen kreve at medlemmane er aktive politisk. Krav til aktivitet henger etter mi meining og i hop med utmeldingsfrekvensen. Nye medlemmar her ofte høge forventingar om at laga har eit høgt aktivitetsnivå. Dette er ei god "myte" om ML-bevegelsen. Skuffelsen hos

nye medlemmar som kjem inn i eit lag med låg aktivitet, verker drepende på entusiasmen og kan i verste fall føre til eit kort opphold i bevegelsen. Dette er ei av orsakane til at passive lag er eit stort problem.

Til tryggingpolitikken:

Sjølsagt skal Partiet sitt kontor nytte telefon. Men det finst dømer på at telefon er nytta til å leite opp ikkje-offentlege medlemmar. Telefonane på Klassekampen er nytta til å ringe opp tidlegare KK-abonnementar for å få dei til å abonnere igjen. Det finst klare døme på at fleire er interessert i å kartlegge kommunistar i Noreg. Skalk me legge forholda til rette for ei slik overvåking, eller skal me freiste å gjere ho så vanskeleg som mogleg uten at dette går vesentleg utover vårt massearbeid? Er praksisen med deknnavn på lagsmøter og på sommarleirer til hinder for massearbeidet? Sjøl om den væpna revolusjonen ikkje kjem i Norge dei fyrste åra, så er verdenssituasjonen spent. Eit fascistisk Noreg om "nokre" tiår er ikkje umogleg og ei 3.verdskrig vert meir og meir sansynleg. Det er nettopp under slike tilhøve at kartlegginga blir nytta til å fengsla og likvidere kommunistar, eller nekte dei arbeid. For det fyste vil kartlegginga i dag kunne nyttast i ein slik situasjon, for det andre vil det vere lettere å skjerpe tryggingsinstruksen i eit slikt tilfelle om Partiet allereie har ei god praksis på tryggingspolitikk og for det tredje finst det klare døme på at borgarskapet og CIA og KGB nyttar kartlegginga i praksis. Me har fleire døme på at det foregår kartlegging i studentpolitiske miljø i dag.

Anton.

DOGMATISME Kva er det?

Nei, Halldor. Du gjer grove overslag i innlegget ditt i 4.Mai nr. 7. ("Dogmatismen, nokre almenne tankar og ein konkret kritikk") Trur du det tener debatten å kritisere leiinga for å vere dogmatiske venstre-sekteristar utan å grunngi det? Du meine meiner vel sjølv at du fremma ein konkret kritikk, men for meg held det ikkje med allmenne frasar, eit sitat og kritikk av vervebrosjyra. (som faktisk ikkje var eit flygeblad ang. kommunevalet, men ei vervebrosjyre) Ein dogmatikar er for meg ein som les teori utan å sjå han i høve til røynda. Kvart ord blir eit dogme, ei slags trussetning. Praksis blir underordna den "rette læra" som a priori er sann. Meiner du verkeleg at leiinga er slik? Mange kritiserer dei som studerer klassikarane og nyttar sitata deira for dogmatikarar. Eg meiner det òg er ei nytteslaus og uvitskapeleg karakteristikk.

Det vi treng no er ein politisk debatt. La oss få fram høgre og venstre i NKS utan å stemple dei to linjene som noko anna enn det dei er, nemleg høgre og venstre. Eg reknar meg sjølv som "venstre" i ei rekke spørsmål og reagerer på at du berre avfeiar dei som gjeikk ut av partiet kring Landsmøta i 1981 og '84. Du kallar dei for venstre-sekteristar. Er det så sikkert at dei tok feil og det resterande partiet (AKP i dag) har rett? AKP har ikkje a priori monopol på sanninga. Du må grunngi stemplinga di, Halldor. (eg oppfattar i alle fall "sekterist" som eit negativt stempel) Eg meiner at slike konklusjonar som du trekker må basere seg på analysar av både praksisen og teorien til AKP og eventuelle utmelde eller andre "venstre-folk".

Eg kjenner meg ikkje att i det biletet du tekmar av leiinga og "venstresida" i NKS. Kva i politikken vår går ut på å tre vårt syn ned over hovudet på studentane? Kven vil ikkje ha linjekampar? Når det blir sagt at vi må stå samla om det vi er samde om, betyr ikkje det at ikkje folk kan vere usamde. Linjekampar er flott, ukameratsleg stil (her må både sider ta sjølvkritikk) stempling osb. er usunt. Slik debattklimaet har vore og til dels er i NKS, treng ikkje Sos.Front o.å. bry seg med oss. Vi sjølv (høgre + venstre) er dei beste til å nedkjempe NKS. Dersom vi er samde om at NKS trengs, må vi endre på stilen og stå saman om det vi er samde om. Eg trur dessutan at fleire ville ta del i debatten dersom dei ikkje blei halshogd seinare.

Eg er usamd i kritikken din av masselinja vår. Det betyr ikkje at ho er bra nok. Poenget er at masselinja ikkje berre uttrykkar seg gjennom leiinga. Kvart einskild medlem har òg ei masselinje. Vi må heile tida vurdere og diskutere korleis praksisen vår er i høve til ei god masselinje. Korleis er eigentleg politikken og praksisen vår? Kven meiner t.d. at "studentane først og framst må overtydast om å skifta standpunkt", slik du hevdar? Hovudoppgåva vår dei siste åra har vore IK. Vi kjempa for å dra i gang aksjonar og lukkast relativt bra med det. I studentkampen har vi kjempa for aktivisme med utgangspunkt i studentane sin økonomiske situasjon, nedskjæringane og dei legitime krava studentane som gruppe kan stille til staten. Diskusjon og overtyding er sjølvsaagte element i denne kampen, men utgangspunktet er likevel studentane sjølv og situasjonen deira.

Kven er du som med brask og bram kan hevde at "dei to utmelde frå Sentralstyret har i lang tid blitt utsett for eit knallhardt køyr og personleg forfølgning". (i røynda er det 1 medl. av SU som har meldt seg ut, ikkje 2) Dette er ganske drøy kost. Det har ikkje vore lett for nokon å sitte i SU denne perioden, heller ikkje for den utmeldte. Det er alltid to sider i ei sak. I innlegget ditt tar du standpunkt for den eine utan å skjelne til den andre. Tvert i mot angrip du bl.a. meg for å forfølgje andre. Utan å påstå at eg er feilfri, vil eg hevde at du tar feil. Du må undersøke betre før du stemplar folk så grovt. Eg kan fortelle deg at eg aldri har vore så frustrert som i vår. Aldri har eg vore så mentalt sliten og periodevis så knekt. "Prat ikkje tull" og "Du må undersøke", sa Mao. Utan å vedgå at eg er dogmatikar, meiner eg Mao har rett her. Det hjelper NKS så lite at vi skriker "drittsekk" til kvarandre. Vi må òg tenke på at nye medlemmar stadig kastas inn i debatter som berre dei innvigde skjønar noko av. Det blir vanskeleg å skilje sant frå usant. Det er mitt oppriktige ønskje at vi skal halde oss til fakta heretter. Det er òg eit problem at debatten blir for navlebeskuande. Det som er bra er at intellektuelle-debatten er blitt starta i KK. Der er han trass alt meir reinhårig og linjekamp-prega enn her i 4.Mai.

CORNELIA

3 x ? til Halldor

Tre spørsmål til Halldor, eller rettare - ønske om dokumentasjon.

1. Du skriv at NKS leiinga si linje er at studentane "skal overbevisast om at dei skal bli ein heilagjeng for arbeidarklassen". Denne linja er ny for meg, sjlv om eg var tilstades både på LM og Oslo ÅM. Eg har og sett gjennom vedtaka på ny.

Rett nok fell det nokon av delegatane tungt for brystet at nokon (dogmatikarane?) drista seg til å bruke orda (frasene?) "i arbeidarklassens teneste".

Samanhengen var korleis vitenskap/fagkunnskap skulle nyttast, der nokon av oss altså meinte at det var klassestandpunktet til Finstad, Stabell og Dale som var det avgjerande, ikkje at dei var så forbanna mykje flinkare sosiologar, juristar eller økonomar enn mange andre.

Denne linja vart av nokon oppfatta som at "NKS skal bli ein streikestøttekomite (!) Er det dette du tenker på Halldor, når du snakkar om Heilagjeng? Meiner du det finst noko som heter klassestandpunkt?

Det reknar eg med at du gjer, men kva betyr det? Er det viktig at NKS snakkar om slike ting?

2. Halldor skriv vidare at NKS leiinga si linje er at politikk skal "treast" nedover hovudet på folk. Dette blir og vårt forhold til studentane:."

Meg bekjent er det ingen som har snakka om anna enn at studentane har objektiv interesse av sosialismen eller av å slåss for eigne krav. Tvert om har vel dei du rettar innlegget ditt mot blitt kritisert for å leggje for mykje vekt på "studentkrava" og for lite vekt på kritikk av innhaldet i faget. Det vil alltid vera eit problem for kommunistar å vera i forkant utan å vera "10 mil foran", å bruke masselinja i arbeidet. Men eg synest det eksterne arbeidet til NKS i perioden etter LM er eit særskilt dårleg døme på sekterisk eller overflatisk haldning. Det er heller inga hemmelighet at folk i NKS-leinga deltok aktivt i grunnplansarbeid i samband med aksjonane.

3. Ein siste ting: Du skriv at dei to utmeldte "i lang tid har vært utsatt for eit knallhardt køyr og personleg förfölging". Eg var organisert i lag/lagsstyre med den eine av dei - Erik. Såvidt eg kjenner til var lagsstyret det "högste" nivået han arbeidde på i NKS samanheng. Det knallharde køyret og dei personlege förfölgingane vil eg ha på bordet Halldor! Eg finn meg ikkje i at du stemplar lagskaeratan hans, meg sjölv inkludert på det viset.

Ingrid

Spørsmålet om byråkratiet

Av Aurora

Dei fleste laga skulle vera ferdige med dei to møta om "Staten og Revolusjonen" på dette tidspunktet. Under møte II skulle alle diskutere spørsmålet om det "naudsynte byråkratiet". Byråkratispørsmålet er òg heilt sentralt i artiklane til Lenin. Etter mitt syn er det faktisk det mest sentrale i høve til møte II.

I AKP sitt prinsippprogram (PP-84) pkt. 5.5.6, 2. avsn. står det:

"Eit byråkrati vil vera naudsynt under sosialismen. Men at det finst ei slik statsmakt atskilt frå dei arbeidande massane er i seg sjølv ein viktig rest av det borgarlege samfunnet."

Her meiner eg AKP har gjort ein bommert. (I beste fall!)

Det som står her er at ein skal ta med seg ei av dei viktigaste sidene ved den borgarlege staten over til sosialismen. At dette er eit brot med Lenin er openbert, men det er ikkje så viktig, for Lenin kunne jo godt ha tatt feil. Om vi derimot analyserer det dette faktisk vil bety, meiner eg at vi kan oppsummere at dette pkt. må vera politisk feil. Det var da òg omstridt før Landsmøtet i 1984. Vidare i pkt. 5.5.6 blir det snakka om korleis arbeidarklassen gradvis skal få ta del i styringa av landet og produksjonen. Arbeidarklassen skal altså gjennomføre ein revolusjon og gi frå seg styringa til eit byråkrati, som dei skal få lov til å kontrollere utanfrå samstundes som dei litt etter litt skal få lov til å styra meir sjølv. Dette er ei ovanfrå- og nedad-haldning til arbeidarklassen som eg godt kunne vore forutan.

I debatten før LM-84 grunngir K. Ericsson synet sitt med røynslene frå det sosialistiske Sovjet. Ho meiner at Lenin sitt syn i røynda var idealistisk, dels fordi det ikkje var muleg å gjennomføre eit slikt program i det lågt utvikla Sovjet og dels fordi sosialismen i seg sjølv inneheld motseiingar som gjer at ein ikkje kan gripa makta på ein meir direkte måte.

Eg skal ikkje gå inn på nokon Sovjet-diskusjon - tilhøva i Sovjet anno 1917 og Noreg i dag er da også særse ulike. Det som er interessant er om det er muleg, evt. umuleg å la vera å byggja opp eit nytt byråkrati under sosialismen. Det noverande byråkratiet må uansett knusast saman med borgarskapet sitt valdsapparat. Vidare er det viktig kva slags strategi eit kommunistparti strekar opp for å bryta ned arbeidsdelingane under sosialismen. Korleis skal arbeidarklassen herska? Direkte eller indirekte? Eller skal dei ikkje herska i det heile tatt?

Ein byråkrat er, iflg. Lenin, "ein person med særrettar som er skild frå folket og står over folket". Ein byråkrat er likevel ikkje farlig i seg sjølv. Problemet er at ho/han inngår i eit system som heiter byråkrati. Byråkratiet er ikkje ein gjeng ekspertar, med eller utan privilegier. Heller ikkje alle byråkratar har privilegier. Men alle er ansatt i eit system som tener interessene til det herskande mindretallet. Byråkratiet er mindretallet si styreform. Eit herskande mindretal treng byråkratiet av ymse årsaker, bl.a.:

- Administrasjonen blir uoversikteleg
- Informasjon kan haldast attende, samstundes som folk får inntrykk av at dei har rett til innsyn
- Det parlamentariske systemet er konstruert slik at makta tilsynelatande ligg andre stader enn ho faktisk ligg. Vi seier at stortinget er eit "sandpåstrøingsorgan", noko som er rett. Men i departement og andre stats- og kommuneorgan ligg det makt, reell makt til å leggja planer, budsjettere, prioritera, innhenta informasjon og halde attende informasjon. Det som skjer innanfor byråkratiet kan lett skjulast for omverda og politikarane går fri.

Det er ikkje eit slikt system arbeidarklassen treng. Ein liten elite med makt og innsikt kan lett utvikla seg til fiendar av fleirtallet. Eg meiner vi kan sjå døme på det i andre tidlegare sosialistiske land.

Eit sosialistisk land vil alltid trenga ekspertar og vil ofte måtte betala dei godt. Men det er vel ikkje nødvendig å byggja opp eit byråkrati kring desse ekspertane. Einskildpersonar er ikkje så vanskeleg å kontrollera. Innvikla system, som eit byråkrati, meiner eg det er umuleg å kontrollera for arbeidarklassen. Sjølv om alle byråkratane er rekruttert frå arbeidarklassen, betyr ikkje det at dei alltid vil vera lojale mot fleirtalet. Så lenge dei har materielle fordelar av posisjonen sin, kan ein ikkje vera trygg på at dei ikkje vil utvikla seg til eit nytt borgarskap.

Eg kan ikkje sjå at eit byråkrati "vil vera naudsynt under sosialismen". Kva er det ein treng eit byråkrati til? Byråkratiet er sær sars lite effektivt som administrasjonsapparat om målet er auking av produksjonen, nedbryting av arbeidsdelingane og kamp mot indre og ytre fiendar. Byråkratiet er berre nyttig for mindretalet si undertrykking av fleirtalet. Det skapar illusjonar og er med på å skjula makttilhøva i eit samfunn. Slik er det effektivt, ikkje på nokon annan måte.

Med det kulturelle, teknologiske og økonomiske nivået i Noreg i dag er det muleg å innretta seg annleis. Arbeidarklassen kan verkeleg herska over sin eigen stat. Det er dette grunnlaget partiet må mobilisera folk på. Eg trur ikkje arbeidarklassen lar seg mobilisera til revolusjon når sosialismen ser ut som han gjer i PP-84. Arbeidsdelinga mellom produksjon og administrasjon må brytast ned tvert, elles blir ho aldri brutt ned.

"Kommunen var eit arbeidande, ikkje eit parlamentarisk organ, det var utøvande og lovgjevande på ein gong", sa Marx om Pariserkommunen. Det same er sjølvsagt muleg i Noreg og. Eg trur vidare at dei tre punkta til Lenin er heilt sentrale om sosialismen skal bli arbeidarklassen sin tidsalder og eigedom:

- 1) Administratorar skal veljast, ikkje ansettast. Dei må og kunne kallast attende. Slik må dei vise i praksis at dei er verdt folket sin tillit.
- 2) Dei som veljast skal ikkje tene meir enn ein arbeidar.
- 3) Administrasjon og lovgjeving skal gå på rundgang.
Rotasjonsprinsippet må innførast også i administrasjonen.

MEN'S ONLY

For kort tid sia hadde gutane i NKS-Trøndelag eit såkalla mannemøte. Dette er eit referat frå det møtet.

På møtet tok vi opp fire spørsmålsstillingar : 1) Kva for fordelar har gutane av kvinnekampen 2) Kva kan vi bidra med i kampen 3) Spørsmåla i spørreundersøkinga til NKS 4) Dei mannlege herskartechnikane.

1) KVA FORDELAR HAR GUTANE AV KVINNEKAMPEN

-Gutane får eit medvite forhold til korleis jenter og gutar fungerer i lag og som som sosiale kjønn

-Kvinnekampen er kamp mot undertrykking og som sådan ein del av kampen for kommunismen

-Vi blir i stand til å reise kamp mot eigne undertrykkingsmekanismer gjennom den auka forståinga for dette som kvinnekampen gjev oss . Dermed utviklar vi og nivået på kampen mot borgarskapet sine undertrykkingsmekanismer.

Pornokampen er og ein kamp mot eit nedverdiggande syn på mannleg seksualitet.

-Kvinnevinkling/-krav giv auka styrke til alle ulike kampar vi fører som kommunistar.

2) KVA KAN VI BIDRA MED

-Vere med på å legge forholda til rette for at NKS kan prioritere kvinnekamp.

-Vere med på å legge forholda til rette for at jentene kan drive kvinneorganisering.

-Vere med på å fremme kvinneperspektiv i kampane vi driv

-Sloss mot generell kvinneundertrykking.

-Følge opp krava i Vedtektene og argumentere for dei

-Delta i pornokampen

-Arbeide for at jentene skal ta på seg viktige verv og oppgaver i organisasjonen

-Ta 50 % av husarbeidet

-Vere teknisk personale på bøllekurs

3) SPØRREUNDERSØKINGA

Her diskuterte vi dei spørsmåla som går på undertrykking i NKS. Det var semje om at kvinneundertrykkinga er mindre i ml-rørsla enn elles i samfunnslivet. Elles går eg ut frå at denne undersøkinga blir oppsummert sentralt, så eg vil ikkje bruke plass til å gå nærmare inn på det her.

4) HERSKARTEKNIKKANE

Vi gikk gjennom dei herskarteknikkane Berit Ås har definert og diskuterte rundt dei. Alle har nok, uredvitne, nytta slike teknikkar, men og blitt utsette for dei sjølve.

Møtet blei oppsummert som triveleg.

Harald, på vegner av fleire.

VÅRT MOTTO VAR SOM VANLEG : "For livets glade gutter går solen aldri ned "



KVA HAR JENTEFRAKSJONEN I
TRØNDELAG Å MELDE ?

ER praksisen TIL LIVETS GLADE
GUTTER like Framskreden ?

VI VENTAR I SPANING !!